

Fylkeseldrerådet i Hordaland  
Agnes Mowinckelsgt 5  
5008 Bergen

Hordaland Fylkeskommune  
Samferdsleavdelinga  
Pb 7900  
5020 Bergen

Bergen 7/12-2017

## **Ønskje om å kunna parkera i Birkelandsskiftet**

Fylkeseldrerådet viser til at spørsmålet om innfartsparkering på enkeltbillett i Birkelandsskiftet har vore tatt opp frå fleire hald, og også har vore reist i utval for miljø og samferdsel. Svaret har vore at ein er redd for ”framandparkering” frå folk som skal med fly frå Flesland Flyplass. Det har vore gjennomført teljingar av ledige parkeringsplassar, som har vist at det er ca 350 ledige plassar midt på dagen. Dette skulle tyde på at parkeringsarealet per no ikkje er overbelasta. Det er vel også sannsynleg at det er godt om plass også på ettermiddag/kveld.

Det er bebuarar i området som ikkje nyttar månadskort (som gir tilgang til parkering) som ønskjer å setja frå seg bilen på parkeringa i Birkelandsskiftet for deretter å kunna ta Bybanen vidare. Dei ønskjer å kunna parkera med enkeltbillett, slik det elles er vanleg i tilrettelagde parkeringsområde.

Dersom ein gir rom for å kunna parkera med enkeltbillett for deretter å nytta kollektivtransport vidare, vil ein leggja til rette for auka bruk av kollektivtransport slik HFK ønskjer (jfr Transportplanen), og ein vil minska biltrafikk mot Bergen sentrum.

Fylkeseldrerådet vil tru at det er mogleg å finna tekniske løysingar for enkeltbillettar utan at det treng kosta all verda.

Fylkeseldrerådet ber derfor om at ein på ny ser på korleis oppmodinga om å kunna parkera med enkeltbillett i Birkelandsskiftet kan bli imøtekome.

Venleg helsing

Kåre Ystanes  
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland